



## Særutskrift

Arkivsak-dok. 24/00947-2  
Saksbehandlar Sveinung Talberg

## Særutskrift - Plan for Eigarskapskontroll 2024-2027

| Saksgang        | Møtedato   | Saknr    |
|-----------------|------------|----------|
| 1 Kommunestyret | 13.06.2024 | PS-52/24 |

## Kommunestyret har behandlet saken i møte 13.06.2024 sak PS-52/24

### Møtebehandling

Innstillinga frå kontrollutvalet

### Votering

Innstillinga frå kontrollutvalet vart samrøystes vedtatt

### Kommunestyrets vedtak

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027 som omfattar følgjande eigarskap:
  - Molde og Romsdal Havn IKS
  - Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS
  - Krisesenteret for Molde og omegn IKS
2. Hvis det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon i eit selskap kommunen er eigar/medeigar i, skal kontrollutvalet vurdere om det er hensiktsmessig å gjennomføre ein eigarskapskontroll i same selskap samstundes.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere kva for eigarskap som skal kontrollerast av dei som er omtalt i planen.
4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere kontroll i andre eigarskap enn det som framgår av planen.

## Plan for Eigarskapskontroll 2024-2027

### Kontrollutvalet si innstilling:

1. Kommunestyret godkjenner kontrollutvalet sitt forslag til Aukra kommune sin plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027 som omfattar følgjande eigarskap:
  - Molde og Romsdal Havn IKS
  - Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS
  - Krisesenteret for Molde og omegn IKS
2. Hvis det blir gjennomført ein forvaltningsrevisjon i eit selskap kommunen er eigar/medeigar i, skal kontrollutvalet vurdere om det er hensiktsmessig å gjennomføre ein eigarskapskontroll i same selskap samstundes.
3. Kontrollutvalet får fullmakt til å prioritere kva for eigarskap som skal kontrollerast av dei som er omtalt i planen.
4. Dersom det oppstår noko uforutsett i planperioden, kan kontrollutvalet prioritere kontroll i andre eigarskap enn det som framgår av planen.

### Bakgrunn

Kontrollutvalet sine oppgåver ved eigarskapskontroll følgjer av kommunelova § 23-4 og Forskrift om kontrollutval og revisjon §§ 4 og 5. Kontrollutvalet skal rapportere og legge fram gjennomførte eigarskapskontrollar og resultatata av disse til kommunestyret, jf. forskrift om kontrollutval og revisjon § 4.

Kommunelova § 23-4:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

I kontrollutvalsmøtet 17.10.2023, bestilte utvalet ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sine eigarskap frå Møre og Romsdal Revisjon SA (MRR) for å finne ut kvar det er størst risiko og behov for eigarskapskontroll.

MRR leverte rapport «Risiko- og vesentlighetsvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll 2024-2027» 02.04.2024. Dette dokumentet skal danne grunnlag for kontrollutvalets forslag til plan for eigarskapskontroll for perioden 2024-2027. Plana skal endeleg vedtakast av kommunestyret, og skal danne grunnlag for bestilling av eigarskapskontrollar.

Vedlagt følger dokumentet «Risiko- og vesentlighetsvurdering som grunnlag for plan for eigarskapskontroll 2024-2027» frå Møre og Romsdal Revisjon SA.

## Vurdering

Kommunelova har i § 26-1 om bestemmelsar om eigarskapsmelding. Kommunar skal minst ein gong i valperioden utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv.

Hensikta med eigarskapsmeldinga er å gje kommunestyret ei oversikt over eigarforhold, samt moglegheit til å forstå kva som skal vere kommunens eigarstrategi.

Eigarskapsmeldinga er også sentral i høve kontrollutvalets arbeid med og bestillingar av eigarskapskontroll.

Eigarskapsmeldinga skal innehalde:

- a) kommunen sine prinsipp for eigarstyring.
- b) ei oversikt over selskap, kommunale føretak og andre verksemder som kommunen har eigarinteresser eller tilsvarande interesser i.
- c) kommunen sitt formål med sine eigarinteresser eller tilsvarande interesser i verksemdene nemnt i bokstav b.

Kommunestyret i Aukra kommune vedtok eigarskapsmelding i møte 7.4.2022 i sak 16/2022. Kommunen må ifølgje kommunelova revidere eigarskapsmeldinga i løpet av denne valperioden.

Med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering, har revisjonen vurdert kva for perspektiv og tilnæringsmåtar som er mest aktuelle for eigarskapskontroll.

Vidare har revisjonen vurdert kva for selskap dei anser som mest aktuell for eigarskapskontroll. Dette er gjort med bakgrunn i nokre valte faktorar, som økonomi-, politisk-, brukar-, medarbeidar- og samfunns- og miljøperspektivet.

For valte selskap har revisjonen fremskaffa informasjon om kommunens eigarskapsstyring ved å gjennomgå dei kjelder til data som er lista opp ovanfor. Med bakgrunn i funn har dei konkludert på kva for selskap og tema som er mest aktuell for eigarskapskontroll.

Følgjande risikofaktorar er aktuelle å vurdere i ein eigarskapskontroll:

- Kommunen har ikkje oppdatert eigarskapsmelding.
- Eigar/ kommunestyret kjenner ikkje til eigarskapsmeldinga.
- Eigar/ kommunestyret følgjer ikkje opp eigarstrategiane.
- Eigar/ kommunestyret etterspør ikkje informasjon.
- Eigar/ kommunestyret avklarar ikkje prinsipielle forhold.
- Kommunen informerer ikkje kontrollutvalet om møte i eigarorgana.

Kriteria for val av kontroll av eigarskap:

- Selskapet driv ei lovpålagt teneste for kommunen.
- Aksjekapitalen har ein viss størrelse og verdi for kommunen.
- Selskapet har ei omsetning av ein viss størrelse.
- Selskapet har tilsette.
- Selskapet har allmenninteresse.

Revisjonen sitt forslag til eigarskapskontroll i selskap:

- Kjerringsundet AS.
- Molde og Romsdal Havn IKS.
- Nordmøre og Romsdal brann og redning IKS.

## **Konklusjon**

Når ein gjennomfører forvaltningsrevisjon i eit selskap, kan det være naturleg å gjennomføre eigarskapskontroll samtidig. Derfor har sekretariatet lagt inn dei same selskapa i saka om plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Sekretariatet er stor sett samd i revisjonen sine vurderingar knytt til vurdering av risiko i selskap. Men vil bytte ut Kjerringsundet AS, og heller sette opp følgjande selskap:

### **Krisesenteret for Molde og omegn IKS:**

Kommunen har ein eigarandel i selskapet på 4,9 %. I 2022 var det 19 tilsette fordelt på 15,57 årsverk. Selskapet sitt formål er å gje eit godt og heilskapleg krisesentertilbod til kvinner, menn og barn som er

utsett for vald eller truslar om vald i nære relasjonar. Unntaksvis kan selskapet også kunne gi moglegheit

for nødrettsplassering av barn for politi og barnevernsteneste i eigarkommunane.

Krisesenteret er regulert etter Lov om kommunale krisesentertilbod (krisesenterlova). § 8

Internkontroll:

«Kommunen skal føre internkontroll for å sikre at dei verksemdene og tenestene som utgjer krisesentertilbodet, utfører oppgåvene sine i samsvar med krav fastsette i lov eller forskrift.

Kommunen

må kunne gjere greie for korleis ein oppfyller denne plikta».

Statistikken for 2022 viser at ein etter Covid-19 har hatt ei stor auke i aktivitet og saker. Årsakene til dette er fleire, utan at ein kan peike på ei enkelt årsak. Dette har ført til høgare aktivitetsnivå på fleire

områder, fleire samtalar, fleire aktivitetar for barn og unge og fleire møter. Ein ser at sakene er meir komplekse enn tidlegare, meir ressurskrevjande, og behovet for kompetanseheving har auka.

Komplekse saker krev også eit ustrakt samarbeid med øvrig tenesteapparat.

Det viktigaste risikoområdet er knytt å nå måla som er sett for selskapet, sikre nok bemanning med rett

kompetanse.

## **Administrative konsekvensar**

### **Folkehelsekonsekvensar**

### **Klima- og miljøkonsekvensar**

### **Økonomiske konsekvensar**

Sveinung Talberg

Rådgjevar

**Særutskrift**

Kontrollutvalssekretariatet for Romsdal ved Sveinung Talberg

**Vedlegg**

Oversending av sak til kommunestyret - Plan for Eigarskapskontroll 2024-2027

Saksutskrift - Plan for Eigarskapskontroll 2024-2027 - Aukra kommune

Risiko- og vesentlighetsvurdering som grunnlag for plan for eierskapskontroll 2024-2027 -  
Aukra kommune - rapport 2. april 2024

RETT UTSKRIFT

DATO 14.juni.2024